

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

NR ~~4/5~~ 6

SEPT. ~~JULI~~ - AUGUST 1985

39.årgang

I huset åt far min er det mange rom

«Gud sa: Dere er grener på mitt vintre. Ha omsorg for hverandre, jeg er med. Vi er grener, han er stammen, som grener går vi sammen. Jeg er glad for å være en gren på hans vintre».

(Kristin V. Tesdal)

I vår tid er det eit faktum at mange menneske ikkje alltid finn sin plass når det er samling i kyrkja eller bedehuset. Mange kjenner trong til kristent fellesskap, men kjem seg ikkje til å gå nokon av stadane. Dei kjem såleis ikkje med i det kristne fellesskapet. Dette er for galt.

Eit par gonger har både truande og leitande menneske vore samla til uformelle samvær over ein kopp kaffi og noko og bita i. Vi har ennå ikkje funne ei endeleg form for dette, men prøver å møtast den fyrste måndagen i månaden og skifter mellom fleire stader i kommunen. Til no har vi vore på Stamnes.

Vi har hatt ei vekslende meningsbryting om livsverdiar. Alvorlege emne har veksla med meir skjemtande ting i ein trygg og god atmosfære. Vi har rett og slett vore menneske i lag. Dette er noko av det som er viktig for oss:

– Vi skal respektera og akseptera kvarandre.



– Vi må læra oss å lita på kvarandre.

– Det skal vera lett for nye å koma med.

– Ingen greier å dumma seg ut ved å seia meininga si.

– Vi drikk kaffi og alle tek med noko å bita i.

Er du oppteken av desse tankane, vil du kanskje ha godt av å vera med. Neste gong møtes vi på Bedehuset på Stanghelle 1. juli kl. 19.30. Hugs at dette ikkje berre er for etablerte kristne, men også for alle som søker.
KJEM DU?



„Der du går skal din veg,
opnast for deg,
steg for steg....“

Dette er ein populær song i ein del kristne forsamlingar. Kvifor? Kanskje fordi den seier noko om at det å vera ein kristen, er å vera undervegs.

Den fortel meg at eg som eit vanleg truande menneske enno ikkje er framme ved målet, men at eg tar eit steg av gangen - på den rette vegen.

Etter å ha vore kristen ein del år, har eg gjort den erfaring at mange menneske bér på ein lengsel. Ein lengsel etter å finna ein plass og ei oppgåve i ei kristen forsamling. Ein lengsel dei ikkje alltid kan setja ord på og forklara.

Men det er ikkje alltid so enkelt å koma „innanfor“ - sjølv for den som lengtar. Det er ikkje berre å ta eit steg av gangen. Fleire tykkjer dei vert nøydde til å ta eit kjempehopp - difor lét dei det vera. Dei vil ikkje, og dei maktar det ikkje.

Stengslene er ofte fleire. Det kan vera naboar med granskande blikk. Det kan vera andre ting.

Nokre ganger har vel eg óg vore eit slikt stengsel. Mange ganger har me vel som kyrkje og kristent fellesskap vore ei hindring for tru, i staden for å medverka til tru. Der har vel me som er „innanfor“-menneske noko å be om tilgjeving for.

Men eg veit óg at det er mykje positivt i ein del av kyrkje-lydane våre. Me ser at menneske finn fram og kjem „innanfor“. Ikkje fordi dei er så flinke til å hoppa eller gå, men fordi dei hadde nokon å gå saman med. Dei var ikkje åleine med sin lengsel.

Kanskje du som bér på ein lengsel, og som tykkjer du møter stengsler, skulle finna ein å gå ilag med, steg for steg.... Utan dei ferdige svara i handa, likevel nærme seg denne underlege og gode Jesus med undring, med sanning, med lengsel.....

.....steg for steg.....

Med helsing
Svein Høyseter

KONFIRMANTANE I BERGSDALEN KYRKJE 2. JUNI



Prost Olav Fjose, Ane Haga, Kristin Brekke og Kristbjørg Lid

KONFIRMANTAR I EIDSLAND KYRKJE 12. MAI



Jan Harald Gullbrå, Grethe Simmenes, Stig Henning Vaksdal

Val -85

Det eine valet er knapt over før vi tek til med det neste. Det er neppe truleg at like mange vil røyste ved soknerådsvalet, som dei som gjekk til urnene 9. september. Men vi vonar at flest mogeleg vil vera med og gje soknerådsarbeidet si støtte ved å møte opp ved soknerådsvalet i sin kyrkjelyd. Her kan kvar einskild vera med å øve innverknad på kva slag "politikk" soknerådet skal føre. Og så vonar vi og at mange innser at dette arbeidet er viktig, og er viljuge til å gjera sin innsats i soknerådet for ei tid.

Valdagane i Vaksdal prestegjeld er desse:

- 6. oktober: Nesheim, Stamnes
- 13. oktober: Eidsland, Eksingedalen
- 20. oktober: Dale, Vaksdal, Bergsdalen

Kyrkjebladet har ringt OLGA FARESTVEIT, soknerådsformann på Stamnes, for å høyre kva slag tankar ho gjer seg om dette arbeidet.

- Kor stort sokneråd er det på Stamnes?
- Det er 6 medlemar pluss presten. Og så er det 5 varamenn.
- Kor lenge har du vore formann?
- Eg har vore med i åtte år, heile tida som kasserar. Dei tre siste åra har eg vore formann attåt.
- Held du fram i soknerådet?
- Nei, no trekkjer eg meg attende. På ein måte synest eg at eg har gjort mitt for denne gongen. Eg kunne kanhende tenkt meg å vore med som vanleg representant, men er redd for at formanns jobben vil falla på meg enno ein gong, om eg held fram. Eg trur dessutan at det er godt at folk skiftar. Det kan trengst menneske som ser det heile med hylaug.
- Og sjølv sagt tek arbeidet mykje tid. Førebuing og planlegging av både soknerådsmøte og alt det andre vi driv med, krev sitt. Hovudansvaret for alt kviler på formannen, mange telefonar og mykje brevskrivning. Men det har nok vore ekstra mykje av di eg også har hatt kasserarjobben.
- Kva slag positive erfaringar har du?
- Ja, sjølv sagt har eg mykje positivt å seie om arbeidet også.

forts. neste side

KONFIRMANTANE I VAKSDAL KYRKJE 5. MAI



Arne Utskott, Bjarne Amundsen, Stig Lian, Birger Espelund, Trygve Thom, Morten Johansen, Frode Davidsen, Magnar Jacobsen, Linda Grenasberg, Britt Anita Døsvik, Mona Fossdal, Jorun Langhelle

VAL -85 forts.

Eg synest eg har lært mykje desse åra. Eg har lært mykje om meg sjølv. Eg har lært mykje om å arbeida i eit utval. -Og så har eg lært å ikkje vera redd offentlege etatar. Noko av det eg truleg har sett mest pris på, er det fellesskapet eg har opplevd. Alt vi driv med, må vi gjennomarbeide saman. Og vi lærer mykje om kvarandre. Vi kan få til ting saman, sjå at noko lukkast. Vi må ha lov til å gle oss over slike ting. Eg vil få seie takk til dei andre medlemene i soknerådet. Eg var nok litt redd for ymse reaksjonar i samarbeidet sidan eg er kvinne, men medlemene har heile tida synt meg tillit og støtta meg. Sidan vi har felles sokneråd med Eidsland, så kan det vera lett å missa oversynet, men her har medlemene vore vaksne for oppgåva si, og samarbeidet har vore det aller beste.

- Korleis er det å få folk til å stille til val?
- Det er vanskeleg. Vi prøvde tidlegare å spørje folk, men dei fleste sa nei. No set valnemnda opp ei liste, som sendast til dei som står der, før ho vert offentleggjort. Så får dei høve til kommentarar. Men det er jo slik at ingen kan nekte å stille til val. Dei einaste som kan seie nei, er dei som er over 60 år, eller som sat i soknerådet siste periode.

forts. s. 11

Ny norsk salmebok

Midt i oktober kan du kjøpe den nye „Norsk Salmebok“ i bokhandelen. Den kostar 120 kroner og er vel verd pengane, for høyr berre her:

Det er ei fyldig salmebok som no er klar etter meir enn 30 års arbeid. Dette skal vera den mest omfangsrrike salmeboka i verda, med meir enn 950 salmenummer. Skrifttyper, trykk og papirkvalitet skal óg plassera salmeboka blant dei vakraste i verda, meiner Verbum Forlag, som gjev ut boka.

Norsk Salmebok vil verta ein bestselgar, reiknar ein med. Den skal fyrst trykkast opp i 200.000 eksemplar. Dei neste 4-5 åra vil ho truleg selgjast i nær 1 million eksemplar.

Mange salmar har fått ei språkform som er lettare å skjønna, og toneleiet er senkt, så heile kyrkjelyden skal kunna syngja med. Me gler oss.....!

Det er soknemøtet i kvar einskild kyrkjelyd som tar stilling til om salmeboka skal takast i bruk.

Difor: SJÅ ETTER ANNONSERING AV SOKNEMØTE ! - I DIN KYRKJELYD.

SVEIN ELLINGSEN

Mange av salmane til Svein Ellingsen finn me i den nye salmeboka. Den 24.oktober kjem Svein Ellingsen til Dale kyrkje om kvelden. Då fer me song av kora i Vaksdal prestegjeld, og forfattaren vil då seia noko om korleis ei salme vert til og om bakgrunnen for dei einskilde salmane.

Vel møtt til eit møte med ein dei største salmediktarane i vår tid, og til ein samling med godt høve til sjølv å vera med å syngja desse salmane.

Me vonar at kilometerane i det store prestegjeldet vårt ikkje verkar lange når me satsar på eit slikt arrangement. Fint om du tek nokon med deg óg....!

SH



Speidarjobben



*38 000 speidarar over heile landet er klare til innsats i SPEIDARJOBBERN 1985. For ei minsteløn på 10 kroner i timen, tek speidarane på seg ulike former for arbeid. Arbeidslønene i år skal gå til eit slumprosjekt i Addis Abeba og til Norges Røde Kors fritidsbuss for funksjonshemma born og ungdom.

*SPEIDARJOBBERN som hjå oss er i veka 23.-28. september, er eit samarbeidsprosjekt mellom Norges Speiderforbund og Norges KFUK-speidarar. I fjor kom det inn over 1 million kroner.

*SLUMPROSJEKTET I ETIOPIA

Desse pengane gjekk til Kebelle 41 som er namnet på ein bydel i hovudstaden i Etiopia. Der driv Redd Barna eit hjelpearbeid med speidarorganisasjonane i Norge. Sidan starten i 1981 er det satsa mykje på husbygging, tre helsetilhøve og opplæring. Slik skal folket der kunna føra prosjektet vidare når Redd Barna trekkjer seg ut.

Telefonnr. til speidarleiarane: Vaksdal:597353. Dale og Stanghelle:596133

I sommar hadde speidarane på Dale leir på Ljones i Hardanger. Her står Hilda Lid ved altaret dei laga til gudstenesta sundag.

På Dale har speidarane møta sine i speidarromet i "Moseshuset". Vi har plass til fleire, dersom nokon vil vera med. Ta kontakt med leiaren.



Song-kora

"FIDES" har øving i Vaksdal kyrkje kvar fredag kl. 18.00 - 19.30. Etterpå er det bibelgruppe hjå Einar Mjelde. Der kan ein koma sjølv om ein ikkje er med i koret.

STAMNES UNGDOMSKOR har øving i Bedehuset kvar fredag kl. 19.30-21.00. Etterpå er det ope hus også for ungdom som ikkje er med i koret.

"KEY" som er eit felleskor for heile kommuna, har øving annan kvar laurdag. Neste er 14. september kl. 17.00. Det vekslar mellom Dale kyrkje og Stanghelle bedehus. Sjå kunnngjering på plakatar.

DALE TEN SING er ikkje kome igang. UNGDOMSKLUBBEN i "Moseshuset" har møte kvar torsdag kl. 19.30.

DALE KYRKJES BARNEKOR - ONSDAG KL. 16.15

DALE KYRKJEKOR - ONSDAG KL. 20.30

VAKSDAL KYRKJEKOR - MÅNDAG KL. 19.00

Vigsling av to gravplassar

HELING FRÅ FLATEKVAL.

Det er ikkje ofte me tykkjer at me har noko å skriva i bladet om her oppe i dalom. Men no søndag den 1. september var det ein ekstra høgtidsdag her i kyrkja på Flatekval. Det skulle vera både vigsla av gravplass og innsetjing av den nye presten, Meidell.

Me samlast i kyrkja til høgmesstid, vel 40 menneske i alt. Veret var lunefullt, som det har vore lenge no.

Prost Østtveit var komen frå Voss saman med kona si, og nye presten vår var på plass. Etter inngangssalmen kom dei bae fram i kordøra, og prosten las opp skriv frå biskopen om sokneprest Meidell. Deretter tok nyepresten til i si gjerning for fyrste gong i vårt kyrkjehus. Han er flink til å messa og god å høyra. Han talar enkelt og gheitlog vel skjoneleg. Me kan visst vera godt nøgde med han så langt. Du veit, det er litt spanande med nye folk.

Etter gudstenesta ynskte soknerådsformannen sokneprest Meidell velkomen til vår lyd. Så gjekk bae prestane føre ut or kyrkja og alt folket fylgde etter bort til den nye delen av gravplassen. Då kom sola og gjorde sitt til at det vart ei vakker høgtidsstund der mellom gamle gravminne med kjende namn. Me song og las tekstane som høyrer til vigslingsritualet. Så tala prosten og vigsla jorda til siste kvilestad for sokna sine døde.

Etter vigsla drog dei fleste av oss av stad til grendahuset, der var bordet duka til kyrkjekaffi. Det var pynta med skåler med lyngblomst og reinlav. Så fekk me smørbrød og kaffi det me ville ha, og me prata og kosa oss verkeleg godt.

Me hadde med oss formannen i Kyrkjeleg fellestråd, han Lasse, og han bar fram takk til alle som har hjelpt til så me har fått det så bra ved kyrkja vår.

GT

HELING FRÅ EIDSLANDET.

Søndag 1. september heldt vår nye sokneprest Meidell si første gudstenesta i Eidsland kapell. Høgtida tok til kl. 17, og prost Østtveit las tilsetjingsbrevet frå bispen. Soknerådsmedlem Asbjørn Ekse helsa Meidell velkomen til Eidsland kyrkjelyd og knytte si helsing til eit vers av Paulus' brev til filipparane.

Deretter tala Meidell over dagens tekst frå Luk. 10, 25-37, der den lovunnige spør Jesus: Meister, kva skal eg gjera so eg kan vinna eit æveleg liv?

Dette korleis me menneske kan vinna det ævelege livet, er det viktigaste spørsmålet i tilværet, sa Meidell. Den lovunnige stilte spørsmålet for å freista Jesus. Lat oss heller stilla spørsmålet av eit ærleg hjarta, for å sjå kva svar Bibelen gjev.

Etter at gudstenesta var slutt, gjekk heile fylgjet ut på den nyutvida gravplassen for å vigsla denne. Vår bøn om fint ver over denne handlinga vart oppfylt, og trass regnbyr tidlegare på dagen glytte no kveldsoli ned til oss og laga ei vakker råma over det heile. Prost Østtveitvigsla staden etter først å ha lese det kyrkjelege ritualet ved slike høve, og etter at 5 personar hadde lese skriftord om døden, oppstoda og det ævelege livet.

So vart alle bedne inn i sakristiet til duka bord. Her vart det nærare kontakt med nye presten, som bad om forbøn i den viktige tenesta han no står framfor i Vaksdal. Asbjørn Ekse leia den gilde samkoma der, og Østtveit og frua deltok. Som formann i Kyrkjeleg fellestråd bar Lasse Vassenden fram helsing og ynskte Meidell Guds signing over prestenesta, og det same gjorde klokaren på Eidsland. - Og dermed var den gilde samkoma slutt.

Deltakar

Fitjavass-stemnet



var i år den sjuande juli. Trass i gråver og regn fann både store og små frå Samnanger og Vaksdal vegen til Nordvikasetra. Blant dei omlag 60 som møtte fram var Bergfrid og Olav Fjose, som kom heilt frå Voss. Olav Fjose heldt gudstenesta i "Kyrkja" (huset vi ser litt av på biletet). Etter gudstenesta gjorde det godt å få varm kaffe, som var kokt inne i selet. Da matpakkane var oppetne og kaffekjelane tømde, samlast vi ute på setervollen, der det vart høve til å seie fram eit vitnemål, og vi song i lag. Så bar det heim att til kvar si bygd, etter eit kort møte. Men lat oss gle oss over å få møtast på tvers av soknegrensene her - og lat det minna oss om den store dagen da vi alle skal møtast frå alle verdsens kantar og alle vera eitt i Kristus. Vi vil takke Olav Fjose, som var med oss denne dagen. Og vi vil og her nytta høvet til å takke han for dei månadene han har gjort teneste som vikar her i prestegjeldet.

ToMaN

Om prestesituasjonen

Ny residerande kapellan i Vaksdal er Kjell Arne Norum. Han kjem frå Bodø og tek til her 7. november. Innsettingsgudstenesta vert i Vaksdal kyrkje 17. november.

Vikarierande res. kap. har vel mange alt stifta kjennskap med. Han heiter Svein Høysæter og bur i Høysæter. Litt seint vil vi ønska han velkomen til Vaksdal og lukke til i tenesta her. Han blir verande her til Norum tek over i november.

ToMaN

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE



DALE

09.06 Espen Breidvik Seim
28.07 Tommy Kristiansen
28.07 Stian Langhelle
28.07 Steffen Kalvik
18.08 Marius Hagebø Mellesdal
18.08 Elin Dalseid
18.08 Ingrid Høvik
01.09 Christian Tveit
01.09 Kim André Haga

BERGSDALEN 23.06 Andreas Pettersen

STAMNES 09.06 Raymond Stamnes Carlsen
09.06 Silje Carlsen
09.06 Linda Holme
30.06 Kristin Straume Normann

EIDSLAND 18.08 Rune Stamnes
18.08 Ailin Brekkhus

NESHEIM 30.06 André Vedaa Fjellanger
18.08 Sondre Nesheim
18.08 Trine Mangersnes

VAKSDAL 14.07 Wenche Fosse Indrevær
04.08 Jon Villy Selnes Meidell
04.08 Thómas Stavenes
25.08 Kristine Amundsen

Vigde



06.07 Arve Kvam og
Aud Karin Dalseid
Vigd i Dale kyrkje
27.07 Rune Karlsen og
Britt Stanghelle
Vigd i Vaksdal kyrkje
03.08 Arild Holger Nottveit
og Torill Fjellanger
Vigd i Mo kyrkje
10.08 Werner Nordvik og
Hildegunn Eide
Vigd i Eidsland kyrkje

AVLIDNE



DALE

13.06 Olav Skreien f.1909
19.06 Nils Eik f.1907
23.06 Anna Helle f.1903

VAKSDAL

30.06 Knut N.Hesjedal f.1914
27.07 Arnold Boge f.1921
06.08 Viktor Furubotn f.1915
09.08 Arthur Amundsen f.1913
13.08 Alf M.Oisnes f.1927

Ei rose til Per Einar Sønnesyn



Kyrkjelydane i Vaksdal har hatt det så travelt med å venta på nye prestar, at vi mest har gløymt å takka dei som har reist herifrå. Litt seint kjem vel denne rosa, men vi vonar du vil ta i mot henne, Per Einar.

Vi som er att, tar til å skjønna kva for ein jobb du har hatt med kyrkjeblandet. Takk for den innsatsen du har gjort for dette bladet. Elles takk for at du har vore her og vore medmenneske - med omtanke og omsut for einskildmenneska i dine kyrkjelyder.

Vi vil ynskje Guds signing for Liv og deg på ein ny stad og i nye oppgåver!

ToMaN

Felleskap av kvinner og menn i menigheten

*Kva seier Bibelen om fellesskapet av kvinne og mann?
*Korleis trer dette fellesskapet fram i vårt samfunn i dag?
*Korleis må kyrkjelydane spegla av det gudgitte fellesskapet mellom kvinne og mann?
*Kva kan eg gjere for å leve meir i pakt med Guds skapar-tanke når det gjeld spørsmålet om eit ekte og rett fellesskap av kvinne og mann - i kyrkje, heim og samfunn?

Dette er nokre av dei spørsmåla som vert reist på det seminaret som Bjørgvin bispedømmeråd no bed inn til.

Tid: 20. -21. september 1985, fredag kl. 18.30 til laurdag kl. 15.00

Stad: Vang pensjonat, Voss
Pris: Frå kr.240,- til kr.300,- alt etter kva slag rom ein vil ha

Påmelding: Til Bjørgvin bispedømmeråd, Kalvedalsveien 45 a, 5000 Bergen innan 15. september.
Påmelding kan og skje via telefon 05-312724 mellom kl.10 og 15



VAL -85 forts. frå side 5

- Kven kan veljast, og kven har røysterett?
- Dei einaste krava for dette er at ein må vera over 18 år og medlem av Den norske kyrkja.
- Har du noko godt råd til dei som skal ta over arbeidet etter valet?
- Ja: Det vil alltid koma kritikk mot det som vert gjort. Miss ikkje motet, men sjå at kritikken gjeld sak og ikkje person!

ToMaN



Er du interessert i å vite hva Thor With ville ha blitt om han skulle ha valgt yrke på nytt? Eller hva Rolf Tofte mener om kirkelig debatt i sin alminnelighet? Eller hva nylig avgåtte skoledirektør Olav Am nå skal gjøre i sin pensjonisttilværelse? Kanskje du heller ønsker å få vite hva nå egentlig bispedømmerådet gjorde i fjor eller hvorfor så mange av de gode organistene synes å søke til Sunnfjord?

Da har vi følgende råd:

SKAFF DEG DEN NYE, RYKENDE FERSKE ÅRBOKEN FOR BJØRGVIN BISPEDØMME, UTGITT AV BISKOPEN OG BISPEDØMMERÅDET

I den nye utgaven av bispedømmerådets årbok vil du finne mye stoff om bl.a. hva kristne grunnverdier er, hva de kirkelige reformene og den nye lovgivningen egentlig innebærer, hva Oase-bevegelsen kan tilføre menighetene i Bjørgvin...

... for ikke å snakke om den ajourførte oversikten over prostier, prestegjeld, sokn og medarbeidere i hele bispedømmet - med adresser og telefonnummer, oversikt over skoler og leirsteder... Ja, egentlig uunværlig for alle som ønsker å følge med i det som skjer i kirken her vest!

ÅRBOKEN SELGES FRA BISPEDØMME-RÅDETS KONTOR, ELLER DIREKTE FRA MENIGHETSKONTORET I DIN KIRKE - FOR KR. 30,-

VELKOMEN TIL KYRKJE



15.sept.-16.sundag etter pinse

STAMNES kl.11.00 v/Høysæter.Nattverd.

Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

EIDSLAND kl.11.00 v/Meidell.

Konfirmantpresentasjon.

DALE kl.18.00 v/Meidell.Konfirmant-

presentasjon.Offer til Fagertun.

Kyrkjeskys.Dåp.

22.sept.-17.sundag etter pinse

VAKSDAL kl.11.00 Familiegudsteneste

v/Høysæter.Utdeling av "Mi kyrkjebok".

50-års konfirmantar.Offer til Soknerådet.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Meidell.Konfirmant-

presentasjon.Offer til IKO.

MØTE OG GUDSTENESTER I HØVE NLA

SIN HAUSTAKSJON:Offer til NLA

Laurdag 28.sept.

NESHEIM kl.20.00 v/Tor Dag Kjosavik.

29.sept.-18.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 v/Skrunes og Meidell.

Nattverd.Dåp.Offer.Kyrkjeskys.

EKSINGEDALEN kl.11.00 vKjosavik

Nattverd .Offer.

STAMNES kl.16.30 Familiemøte

v/Solfrid Storøy.Offer.

EIDSLAND kl.17.00 v/Kjosavik.

Nattverd.Offer

VAKSDAL kl.18.00 v/Skrunes og

Meidell.Nattverd.Offer.

STANGHELLE BEDEHUS kl.18.30 v/Storøy.

6.oktober - 19.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 Familiegudsteneste

v/Høysæter.Utdeling av "Mi kyrkjebok"

og "Vi går i kyrkja".

NESHEIM kl.11.00 v/Meidell.

Soknerådsva.Offer til Fagertun.

STAMNES kl.18.00 v/Høysæter.

Soknerådsva .Offer til Blå Kors.

13.oktober - 20.sundag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Meidell

Soknerådsva.Offer til IKO.

EIDSLAND kl.17.00 v/Meidell

Soknerådsva

20.Oktober - 21.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 v/Meidell.Soknerådsva.

Offer til Bibelskulen på Bildøy.Kyrkjeskys.

VAKSDAL kl.11.00v/Høysæter.Soknerådsva.

Offer til Menighetsfakultetet.

27.oktober - Bededag

STAMNES kl.11.00 Familiegudsteneste

v/Meidell.Utdeling av "Mi kyrkjebok"

STANGHELLE kl.17.00 Familiegudsteneste

v/Høysæter.Utdeling av"Mi kyrkjebok og

"Vi går i kyrkja".

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, 5270 Vaksdal

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13 117

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 35,- (eller meir!)

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese. Tlf. 05-555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese